



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1945

Namnet på vatnet

Guarabnet

Kommune .....

Suldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## H E I A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 11. sept. 1975.

Vatnet ligg i Suldal kommune, på austsida av vegen mellom Mo og Sandsa, og med Kvelvanuten i sør-aust og Breidastøldalen i vest.

Arealet er omlag 16 ha. og h.o.h. 746 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er grunn til å tru at vatnet er ganske djupt utpå, med grunnlendte partier på sine stader nær land.

Stranda består for det meste av grunnfjell som støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men ein del botngras og brasmegras vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner for det meste om snaumark, myr og fjell. Undergrunnen er for ein del fylitt.

Hovudtilsiga fell inn i den nord-austre delen og kjem frå Reinsheia og Reinsnuten.

Avlaupet renn ut i sør og går om Krokavatnet ut i Sandsavatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8,0 m og fargen på vatnet blålig-grønn. Dette indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5,5 som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 0,8 mg/l og den totale hardheita 1,5 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne  $K_{18} = 12,5$  mg/l.

Gjennomstrøyminga kan vera ganske stor.

Faunaen i vatnet.

P.g.a. uvær fekk vi diverre ikkje høve til å ta nokre botnprøver denne gongen, men det vart teke mageprøver av 5 fiskar.

Her vart det funne vårflugelarver, svevemygglarver; dinsekreps, plankton, buksvømmere, myggpupper, hoppekreps, fjørmygglarver, luftinnsekter, døgnflugelarver og buksvømmerlarver - ein ganske allsidig meny.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 5.0 m, med planktonhov og resultatet må karakteriserast som ein fattig prøve.

#### Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 16 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på Cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 15 røde og 1 lys-rød i fiskekjøttet.

Vidare var der 10 hofiskar og 6 hanfiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

11 av fiskane var gjellfisk - 5 gytetfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

#### Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år
Medellengde i cm	4.8	10.9	16.3	20.7	25.0	29.2	31.7	34.4
Årleg lengdetilv. i cm	4.8	6.1	5.4	4.4	4.3	4.2	2.5	2.7
Antall fiskar	16	16	16	16	16	10	5	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.02 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for fisken i Heiavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Heiavatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg over normalen like til 5-6 års alder. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 37-38 cm og det må seiast å vara bra.

Vanlegvis er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein vekstkurve, så 16 fiskar er i minste laget, men gjev likevel eit godt bilete av veksttilhøva i dag.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og med eit fiskebestand som er i underkant av det vatnet kan tåle.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse godt brukande for auren, sjølv om vatnet er mykje kalkfattig.

Mageprøvene fortel at der er ei rekkje verdfulle næringsdyr å finna, og omfarfordelinga syner fisk av ymse årgangar og storleiker. Likevel syner cm-klasseinndelinga at der er lite med småfisk i vatnet. Det vart ikkje fanga fisk under 23 cm.

Vekstkurven og kondisjonsfaktoren er god, og det er grunn til å tru at vatnet vil tåle eit noko større fiskebestand, utan at dette vil gå ut over kvaliteten.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang og fylgjeleg fiskeproduksjon i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Heiavatnet er noko skrint, men då det for ein del er meir kalkholdige bergarter i undergrunnen, fører dette til ei nøytralisering av nedbøren slik at vatnet får ein relativt brukbar pH for auren. Vidare blir ein del mineralstoff tilført vatnet gjennom tilsiga, men dette er i minste laget, og vatnet har ei svak "bufferemne".

Når fisken likevel er av sær fin kvalitet, kjem dette av at fiskebestandet er i minste laget, noko som igjen skuldast dårlege gytetilhøve.

Det var flaum og uvær då analysen vart foreteken, og etter det vi fann ut, var der ingen gode gytebekker. Ei viss rekruttering vil det likevel vera, men dette ser ut til å vera i minste laget til å utnytta nærings**førrådet.**

#### Praktiske tiltak.

Då det tidlegare er skipa eit grunneigarlag i området, vil det vera naturleg at Heiavatnet inngår i dette.

Ein kan då gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, men garnfiske må grunneigarane sjølve disponera, og då berre med stormaska garn for å hauste den største fisken.



Vidare vil vi tilrå at det blir sett ut ein del settefisk i Heiavatnet. Denne fisken vil det høva godt å ta frå Mosvatnet, då dette vatnet er overbefolka, og har ein ypperleg settefisk. Eit høvande antall settefisk vil vera ca. 150 stk pr. år over ein 5-års bolck. Ved å fylgja med denne fisken år for år, vil ein kunna avpassa utsetjinga etter kvaliteten (kondisjonsfaktoren). Settefisken i Mosvatnet bør fangast inn ved hjelp av Elektrisk fiskeapparat og underskrivne vil vera hjelpesam med dette. Heiavatnet har i dag eit mykje godt fiskebestand og alt må gjerast for å halde dette vedlike i åra framover.

Stavanger den 3. mars 1976

Einar Berg